

Har trua på fleire kvinner i politikken

Prosjektgruppa Kvinner i politikken i Øygarden har stor tru på ei haldningsendring og auke i antalet kvinner i politiske verv.

RONG: Øygarden var ein av kommunane som vart plukka ut i det statlege prosjektet Kvinner i politikken, for å få opp statistikken når det gjeld antalet kvinner i politiske verv.

Onsdag hadde gruppa sitt siste møte før sommaren. Dei vil ikkje konkludera enno, men er sterk i trua på at fleire kvinner vil melda seg til politiske verv i framtida.

Fersk undersøking

Ei fersk spørreundersøking prosjektgruppa har gjort syner at fleire av dei folkevalde ønsker faste rammer når det kjem til møter.

– Dei vil ha forutsigbarheit. Mange har kryssa av for høgaste prioritet på dette punktet, seier leiar for prosjektgruppa, Aud Karin Oen.

Alle folkevalde i kommunen med politiske verv har fått tilbod om å vera med på spørreundersøkinga.

43 svarte på henvendinga.

Svara fortel òg at fleire menn enn kvinner synes det er greitt å ha møta på kvelden.

– Menn har ofte meir tekniske jobbar enn kvinner. Det er ofte vanskelegare for dei å ikkje møta opp på arbeid då, seier Kjetil Rong.

– Er det ikkje slik at mannfolka vil helst sleppa unna legging av born då?

– Hehe, jo, kanskje det, er svaret frå fleire i gruppa.

Kjetil Rong meiner at det er svært vik-



Gruppa Kvinner i politikken har arbeidd saman sidan valet, og har trua på at dei skal klara å endra eksisterande haldningar i øygardssamfunnet. Dei som var tilstades på møtet var Anne Lise Grøm (frå venstre), Kjetil Rong, Inger Helene Dalen, Therese Hellesøy Strand, Roald Svellingen og Aud Karin Oen. Foto: Kai Svellingen Flatekvål

tig at heile samfunnet er representert i eit kommunestyre.

– Me må setta i gang tiltak for å få fleire damer inn i politikken, seier Rong.

– Er det ikkje slik i Øygarden at det tradisjonelle rollemønsteret med kvinna på kjøkkenet enno sit i øygardssamfunnet?

– Jo. Det er mykje slikt enno. Det er eit rollemønster me må endra, seier Aud Karin Oen.

– Me heng litt etter i Øygarden. Det er ikkje til å stikka under ein stol, seier Kjetil Rong.

Difor meiner han at slike prosjekt er viktige å ha, for å skapa endring.

I kommunestyret til Øygarden i førre periode (2003 til 2007) var det fire kvinner representert blant dei framste folkevalde. I denne perioden er det åtte.

– Er målet fleire enn åtte?

– Det er eit sjølvsagt mål, seier Kjetil Rong.

Aud Karin Oen er òg interessert i å finna ut kva ein skal gjera av tilrettelegging for å halda på kvinnene som allereie er inne i politikken.

KAI SVELLINGEN FLATEKVÅL
kai@vestnytt.no

56 33 65 01

Nye Hyundai i30 Crossover Wagon



Fleksibilitet og plass som en flerbruksbil, trygg og sikker som en familievenn. Hyundai i30 Crossover Wagon er den perfekte støtte-spiller i en stadig skiftende timeplan.

- ABS, EBD og ESP (elektronisk stabilitetsprogram)
- 6 kollisjonsputer
- Inngang for iPod, mp3
- Fjernbetjent sentrallås
- Elektriske vindushevere foran og bak
- Elektriske justerbare og oppvarmede speil
- Kjørecomputer
- Kan leveres med diesel og autmat

1,6 bensin, 115 hk
fra kr. 232.850,-

1,6 diesel, 90 hk
fra kr. 233.850,-



Drive your way

HYUNDAI www.hyundai.no

Prisen er levert Lieco Auto. Registreringskostnader og årsavgift kommer i tillegg. Drivstoffbruk og CO2 for 1,6 bensin: 0,81 og 152 g/km. Forbruk og CO2 for 1,6 diesel: 0,59 og 128 g/km. i30 er kåret til årets bil i Spania 2008. Vi tar forbehold om trykkfeil og endringer.

LIECO



AUTO

v/Sartor Storsenter, Sotra

www.lieco.no
post@lieco.no

Åpningstider:

Mandag - Fredag: 09.00-16.30
Torsdag: 09.00-19.00
Lørdag: 10.00-14.00

